

Til:  
Energidepartementet  
Postboks 8148 Dep  
0033 Oslo

Frå:  
Stårheim elveeigarlag  
v/ Ole Martin Rafshol  
Stårheimsdalen 260  
6777 Stårheim  
[olemartin.rafshol@gmail.com](mailto:olemartin.rafshol@gmail.com)  
Mobil: 913 82 379

Stårheim 07.05.2026

### **Klage på regulering av Åmelavassdraget - Stårheimselva**

Stårheim elveeigarlag klagar med dette på vedtaket i saka om revidering av konsesjonsvilkåra i Åmelavassdraget - dykkar referanse: 201907463-98

#### **Vi klagar på at NVE ikkje pålegg Tussa Energi AS ei minstevassføring til Stårheimselva.**

Vi ynskjer at Energidepartementet endrar NVE sitt vedtak og fastset krav om minstevassføring frå Løysingvatna til Stårheimselva. Minstevassføringa bør minimum tilsvare 5-persentilvassføringa frå reguleringsmagasinet Løysingvatna. Dette vil tilsvare 30 l/s om sommaren og 25 l/s om vinteren frå Løysingvatna.

Subsidiært ber vi om:

Energidepartementet endrar NVE sitt vedtak slik at Tussa Energi AS påleggast å sleppe minstevassføring fra Løysingvatna til Stårheimselva. Minstevassføringa bør minst tilsvare Åmelaskjønnets sitt nivå – eller eit anna fagleg begrunna nivå fastsett av departementet. Vilkåret bør supplerast med krav om måling, dokumentasjon og rapportering.

Dykkar dato for vedtak er 17.04.2026, vår dato for klage er 07.05.2026, og vi klagar såleis innan fristen som er sett.

#### **Klagen i hovudtrekk:**

Årsaka til klagen er omsynet til den anadrome fiskebestanden i Stårheimselva som er hardt råka av at elva er regulert etter Åmela-utbygginga. Dette er stadfesta i vedlagte rapport frå BIOTA. Det kjem klart fram at den viktigaste registrerte påverknaden er hydrologisk. Rapporten vart henta inn i 2024 som ein del av oppdatert konsesjon for Stårheim Kraftverk. Kraftverket vart sett i drift i februar 2026.

Vi meiner også at NVE ikkje har samla inn eit godt nok kunnskapsgrunnlag om tilstanden langs heile vassdraget til Stårheimselva og at kost-nytte vurderinga er sær s mangelfulle i Stårheimselva sitt tilfelle.

Når det gjeld kost-nytte vurderinga meiner vi at 1,2 GWh ikkje er eit vesentleg tap av kraft i nasjonal samanheng, men ein nødvendig kostnad for å oppfylle lovpålagde miljømål. Når vatnet i tillegg uansett vil renne inn i Stårheim Kraftverk på andre sida av Løysingvatnet er krafttapet truleg å rekne som endå mindre enn 1,2 GWh. NVE gjer det ikkje klart i sitt vedtak at dei har rekna konkret på nytten av at vatnet vil renne inn i Stårheim Kraftverk. Vi ber om at det blir gjort eit netto-reknestykke av krafttapet på bakgrunn av dette.

Forvaltinga skal gjere ei rimeleg avveging. Å prioritere ein viss økonomisk vinst over ei levande elv i ein vilkårsrevisjon av eit 50 år gammalt anlegg, meiner vi kan vere i strid med rimelegheitsprinsippet i forvaltningsretten.

Vi meiner også at ein vilkårsrevisjon handlar om ei avveging og balansering av gode: Intensjonen er ikkje å avvikle kraftproduksjon, men å finne det punktet der ein får mest mogleg miljø for kvar kilowatttime ein ofrar. Her kan ein oppnå ein god miljøvinst i ei lakseførande elv som renn ut i ein nasjonal laksefjord.

Vi meiner at NVE sitt vedtak strir mot prinsippet om likebehandling i forvaltinga. NVE er i saka om Stårheimselva inkonsekvante. Forskjellsbehandling utan sakleg grunn er å rekne som ein feil.

I Stårheimselva har Stårheim Kraftverk i sin konsesjon vore pålagt ei minstevassføring på 50 liter vinterstid og 100 liter sommarstid av NVE. I tørre periodar vil elva tørke inn langt meir enn dette. Likevel vil altså ikkje NVE pålegge Tussa Energi å bidra til å halde oppe vassføringa på eit nivå som samsvarar med minstevassføringa pålagt for Stårheim Kraftverk.

At krava er ulike er å rekne som eit uføreseieleg skjønn. Ekstra uforståeleg er det når manglande minstevassføring frå Løysingvatnet går utover den anadrome delen av elva, noko som ikkje er tilfelle for Stårheim Kraftverk.

I det heile handlar derfor saka om undervurdering og manglande kartlegging av miljøverdier, manglande analyse av kost/nytte og uføreseieleg skjønn.

### **Utdjuping av klagen:**

Stårheim elveeigarlag har tidlegare kravd minstevassføring frå Løysingvatnet til Stårheimselva.

Heile hensikta med å revidere konsesjonsvilkåra er å få vilkåra meir i tråd med dagens miljøstandard. Vi viser til Statsforvaltaren sitt høyrings svar til vilkårsrevisjonen:

*“Vi minner difor om at hovudmålsetjinga med revisjonen er å få konsesjonsvilkåra meir i tråd med dagens miljøstandard. Dette må tilseie at det som hovudregel skal vere att ei viss vassføring i reguleringspåverka elvar, og eventuelle tørrlagde elvestrekningar bør berre gjelde unntak som er særleg godt grunngjeve. Minstevassføring minst på nivå med*

*alminneleg lågvassføring har vore eit udiskutabelt krav for all ny kraftutbygging dei seinare åra. Der viktig naturmiljø er negativt påverka, er det vanleg med eit miljøbasert vassføringsregime, gjerne basert på sommarvassføring heva til 5-persentilnivå.”*

Både Miljødirektoratet og Statsforvaltaren i Vestland ba NVE om å innhente nødvendig kunnskapsgrunnlag, dette har ikkje NVE teke omsyn til. Det er påfallande, og etter vårt syn merkeleg når sjølve føremålet med å revidere konsesjonsvilkåra er å finne ut om vilkåra er i tråd med dagens miljøstandard.

Heldigvis finst det eit kunnskapsgrunnlag for nedre del av Stårheimselva. Bakteppet er utbygginga av Stårheim Kraftverk. Det vart henta inn miljøfaglege rapportar både i 2014 og 2024. Rapporten frå 2024 er vedlagt, og peikar klart og tydeleg på at anadrome fiskeslag tar tydeleg skade av altfor låg vassføring i tørkeperiodar.

NVE peikar også på at desse rapportane fins, og dette er det beste vi har av eit omforent fagleg kunnskapsgrunnlag.

Rapporten, som er vedlagt klagen, peikar på:

- *Redusert vannføring i Stårheimselva etter at deler av nedbørfeltet ble overført til Åmela kraftverk ved Dalsfjorden, og særlig den markerte økningen i periodene med lav vannføring kan over tid ha ført til at det er blitt lengre og lengre mellom hver vellykket laksegyting i elven, og at laksen på sikt kan stå i fare for å forsvinne fra vassdraget.*
- *Potensielt svært lange perioder med veldig lave vannføringer sommer og vinter fører sannsynligvis til redusert produksjon av fisk på elvestrekningen. Det er slipp av minstevannføring som er betydelig under 5-persentilvannføringen, og av den grunn er hydrologisk status vurdert å være «dårlig».*
- *Dersom det er den lave vannføringen som er begrensende for rekrutteringen av laks, kan en forvente at dette også er tilfellet for større sjøørret. Innslag av kjønnsmodne hunnrørret på under 20 cm i elven, er en indikasjon på at en stor del av rekrutteringen i vassdraget kommer fra stasjonær ørret og ikke er et resultat av sjøørretgyting. Det er generelt få gyteområder i vassdraget i forhold til de relativt gode oppvekstforholdene.*
- *Potensielt svært lange perioder med veldig lave vannføringer sommer og vinter fører sannsynligvis til redusert produksjon av fisk på elvestrekningen. Det er slipp av minstevannføring som er betydelig under 5-persentilvannføringen, og av den grunn er hydrologisk status vurdert å være «dårlig».*
- *Det viktigste tiltaket for å øke fiskeproduksjonen vil mest sannsynlig være å øke minstevannføringen. Det bør som minimum slippes tilsvarende 5-persentilvannføringen fra reguleringsmagasinet, dette vil tilsvare 30 l/s om sommeren og 25 l/s om vinteren fra Løysingvatna. Dette vil sammen med restfeltet gi en minstevannføring på 120 og 67 l/s for hhv. sommer og vinter nede i Stårheimselva.*

NVE pålegg i sitt vedtak om revidert konsesjon at Tussa Energi skal gjennomføre ei kartlegging av korleis betre tilstanden for anadrome fiskeslag, men i den miljøfaglege rapporten kjem det tydeleg fram at utbetringar kan vere hensiktslaust så lenge elva tørkar ut som konsekvens av manglande minstevassføring. Dette er ei motsetning som vi stiller oss undrande til verken er påpeika eller drøfta i NVE si sakshandsaming. Vi ber om at NVE går grundig inn korleis avbøtande tiltak kan ha effekt når elva er inntørka i lengre periodar sommar- og vinterstid.

Då NVE sjølve fastsette miljøkrav til Stårheim Kraftverk fastslo ein ei minstevassføring på 50 liter vinterstid og 100 liter sommartid, mellom anna på grunn av sjeldne moseartar og anadrom fisk, dette endåtil sjølv om kraftverket i stort ikkje berører den anadrome delen av elva.

Problemet no er at med manglande minstevassføring frå Løysingvatnet vil vassføringa kome langt under nivået som er fastsett for Stårheim Kraftverk i tørkeperiodar. Dette betyr påfølgande skadeverknadar for moseartar og anadrome fiskeslag. Dette peikar også NVE på i sitt vedtaksbrev, og vi er heilt samde.

Det er sjølvstapt eit stort paradoks at NVE i ei konsesjonssak om Stårheim Kraftverk fastset ei ganske høg minstevassføring, mens ein no i vilkårsrevisjonen meiner det ikkje er naudsynt å pålegge ei tilstrekkeleg vassføring likevel. Endåtil minstevassføringa i dette konkrete tilfellet faktisk påverkar den anadrome delen av elva.

Dette er sjølvstapt noko som Stårheim Elveeigarlag stillar seg undrande til, og forskjellsbehandlinga er verken drøfta eller forklart i vedtaket til NVE. Vi ber om at dette blir vurdert.

### **Mangelfull kost/nytte analyse:**

Manglande nedslepp frå Løysingvatnet blir grunngeve i ei kost/nytte vurdering. Det framstår her som om NVE ikkje har tatt innover seg kor skadelidande elva er av manglande minstevassføring, noko som er klart påpeika i den miljøfaglege rapporten, det er heller ikkje presentert noko reknestykke av at nedsleppet uansett kan kome til nytte til kraftproduksjon. Dette angår sjølvstapt både kostnad og nytte for samfunnet.

Revisjon som angår miljøforbetringar vil og kan ha sin kostnad. Slik vil det nesten alltid være ved revisjonar. Dersom det var slik at eit kvart krafttap var avgjerande, ville revisjonsinstituttet være nærmast verdilaust.

Retningslinene om revisjon legg opp til å unngå vesentleg produksjonstap, ikkje alt produksjonstap. Vi meiner at tapet i denne saken ikkje er vesentleg sett opp mot totalproduksjonen og miljønytta.

Vi anerkjenner at magasinkraft har høgare økonomisk verdi enn elvekraft, men vi snakkar her om eit samla krafttap på 1,2 GWH for Tussa Energi sin del, der vatnet uansett vil førast mot Stårheim Kraftverk, og nytten er altså å redde laks og aurebestanden i ei elv som ligg

ved ein nasjonal laksefjord. Vi gjentek at vi ber om ei konkret netto-utrekning som syner det reelle krafttapet av at vatnet blir leia mot Stårheim Kraftverk.

Dersom NVE legg vekt på at vatnet har høgare verdi som magasinkraft, må verdien dokumenterast og vektast mot miljønytta. Generelle utsagn om regulerbar kraft er ikkje tilstrekkeleg om ikkje verdien er dokumentert.

Vi minner også om at ED sjølve kan vurdere konsesjonsvilkår der ein ikkje har eit konstant nedslepp av minstevassføring, men der ein til dømes gjennom målearrangement i elva kan sleppe ned vatn i tørkeperiodar. Det vil føre til mindre kostnad, men tilsvarende nytte for vassdraget sidan Stårheimselva er eit nedbørsensitivt vassdrag. Dette ber vi også om at det blir gjort kost/nytte berekningar på.

Fordelen er at ein unngår unødvendig tap av kraft frå Åmela-kraftverk, samstundes som ein unngår tap av natur gjennom å sikre at elva ikkje tørkar ut. Eit slikt målearrangement kan etablerast midtvegs i elva, og må vere moderne og etterretteleg i tråd med dagens standard. Jamfør vårt subsidiære krav.

Vi meiner uansett det ikkje er naturleg å snakke om krafttap og økonomisk tap, så lenge konsesjonæren uansett alt har plikt til ei minstevassføring gjennom eit privatrettsleg skjønn. Ein samanliknar her eit økonomisk tap opp mot at ei privatrettsleg avtale vert broten. Vi går nærmare inn på Åmela-skjønnet seinare i klagen.

Vi minner også om at ifylgje ED sine revisjonsretningsliner skal det i eldre reguleringar kunne være større rom for miljøforbetringar enn ved nyare konsesjonar.

Figur 8 i vedtaksbrevet, som samanliknar vasstanden i Løysingvatnet ved nedslepp av minstevassføring kontra utan minstevassføring, viser også at vasstanden vil vere nokså lik dei vekene om vinteren og tidleg vår behovet for regulert vasskraft er sett på å vere størst, og prisane venteleg er høgast.

Ei minstevassføring i elveleiet påverkar uansett sjeldan Åmela-kraftverket si evne til å levere effekt når det trengst, sidan magasinet framleis kan brukast til å køyre for fullt i topplastimar.

Det er ingen tvil om at kost/nytte-vurderinga her framstår som overfladisk og ganske mangelfull. Særleg sidan den økonomiske nytten av å tilføre Stårheim Kraftverk meir vatn ikkje er teke omsyn til. Det er heller ikkje vurdert mellomløysingar, jamfør vårt subsidiære krav.

### **Om kost/nytte opp mot naturmangfald:**

Det blir påpeika i NVE sitt vedtak at tilstanden til vassførekomsten ifylgje Vann-Nett ser ut til å vere god, det er positivt, men den hydrologiske tilstanden blir altså rekna som "dårleg" ifylgje Biota.

Vi veit heller ikkje om klassifiseringa i Vann-Nett er faktisk og fagleg robust. Om den bygger på eit mangelfullt eller eldre kunnskapsgrunnlag, og ikkje reflekterer Biota-rapporten,

lågvassefasar og konkrete biologiske verknadar, kan den ikkje leggast avgjerande vekt på utan nærmare grunngjeving, (Forvaltningslova § 17; Naturmangfoldlova § 8; Vassforskrifta §§ 15 og 18).

Vi minner også om at revisjonsadgangen ikkje er avgrensa til å rette opp manglande måloppnåing etter vassforskrifta. Revisjon av konsesjonsvilkår kan brukast til miljøforbetringar også der vassforskrifta sine formelle minimumsmål er oppfylt, så lenge tiltaket ligg innanfor revisjonsadgangen og interesseavvegingar etter revisjonsreglane og retningslinene til ED. Klassifiseringa som godt økologisk potensial er altså ikkje eit hinder for minstevassføring.

Vi viser også her til at hovudmålsetjinga med revisjonen er å få konsesjonsvilkåra meir i tråd med dagens miljøstandard. Dette må tilseie at det som hovudregel skal vere att ei viss vassføring i reguleringspåverka elvar, og eventuelle tørrlagde elvestrekningar bør berre gjelde unntak som er særleg godt grunngjeve.

Minstevassføring minst på nivå med alminneleg lågvassføring har vore eit udiskutabelt krav for all ny kraftutbygging dei seinare åra. Der viktig naturmiljø er negativt påverka, er det vanleg med eit miljøbasert vassføringsregime, gjerne basert på sommarvassføring heva til 5-persentilnivå.

Også Rådgivende biologer AS har vurdert Stårheimselva i samband med konsesjonssaka i 2016. Dei konkluderte med:

*“Stårheimselva har generelt gode oppvekstforhold for ungfisk, og gode gyteforhold i enkelte høler. Det korte strekket (40-50 m) mellom Vollafoossen og planlagt kraftverksavløp har ikke gyteområder, og er dårligere egnet som oppveksthabitat enn områdene lenger nede i elven”.*

Det er altså eit stort potensiale for at elva igjen kan ha gode laks- og aurebestandar, og det er godt dokumentert at kraftutbygginga på 70-talet har gjort skade på bestandane, og at dei no står i fare for å bli utrydda. At dette kan halde fram er etter vårt syn ikkje i tråd med å få konsesjonsvilkåra i tråd med ein god miljøfagleg standard.

I Stortingsmelding 25 (2015-2016 - Kraft til endring, la regjeringa og Stortinget føringane for korleis revisjonane skal gjerast. Ein skal prioritere dei vassdraga med størst potensial for miljøbetring, ein skal ta omsyn til kraftsystemet og behovet for regulerbar kraft. Vi meiner at minstevassføring til Stårheimselva er eit godt døme på at ein kan få ut ein stor miljøvinst for svært lite avkall på produksjon.

Vedtaket frå 1974 om konsesjon til Åmela-vassdraget speglar ei tid der miljøomsyn ikkje var ein så stor del av forvaltninga. Når NVE no avslår minstevassføring, vidarefører dei ein over 50 år gamal praksis som vi meiner strir mot naturmangfoldlova.

Det er også påfallande at både Miljødirektoratet og Statsforvaltaren bad om konkrete utgreiingar av heile elveløpet til Stårheimselva. Miljødirektoratet viste her spesielt til at det store myrområdet i den øvre delen av Stårheimselva er interessant å få undersøkt nærmare.

Vi som grunneigarar ser også i denne flaummarka innslag av toppmyr, som er ein sær utsett naturtype og svært sjeldan så langt vest. Det er synd at ikkje NVE har fatta interesse for dette særeigne naturområdet, og fekk gjort dei vurderingane Miljødirektoratet og Statsforvaltaren bad om blei gjort.

Ein kan hevde at prinsippa i naturmangfaldlova paragraf 8 - 12 ikkje er tilstrekkeleg tatt omsyn til når det ikkje er gjort vurderingar av naturverdiane øvst i Stårheimsdalen. Kunnskapsgrunnlaget i Naturbase er gammalt (1983). Der står det at naturverdiane er degradert som følgje av reguleringa. Minstevassføring kan bidra til ei viss restaurering av flaummarka.

Vi ser ikkje for oss at dette store myrområdet vart teke særleg omsyn til då vilkåra vart fastsette for 50 år sidan. I dag har denne naturtypen ein heilt annan status, det er merkeleg at ikkje styresmaktene er meir interessert i å hente inn meir kunnskap og kunne rette opp i utdaterte vilkår.

Figur 7 i NVE sitt vedtak inneheldt det ein feil. På kartet framstår det som at Keilshølen som er det definitive endepunktet for laks i Stårheimselva er plassert lenger nord enn den faktisk er, og at den anadrome delen av elva strekkjer seg lenger nord for utløpet til Stårheim Kraftverk enn kva som er faktisk tilfelle.

### **Om Åmelaskjønnen:**

I rettskjønn med grunneigarane etter Åmela-utbygginga vart Tussa Energi pålagt å gjennomføre nedslepp til Stårheimselva. Målaren som skal vise vassføringa er øydelagt, Tussa Energi har visst om dette lenge utan å gjennomføre tiltak for å rette det opp. Rettskjønnet vil sjølv sagt bli følgd opp av oss grunneigarar, men vi har venta på avgjerda til NVE om reviderte konsesjonsvilkår.

Det er eit gjennomgåande problem at dagens privatrettslege ordning er eit lite robust system der grunneigarar på eige initiativ skal ringe opp Tussa Kraft og sende tilsette til fjells når det er tørke sommar- eller vinterstid.

Vi ser at NVE ser på dette som ei privatrettsleg sak, men eit krav om minstevassføring frå NVE ville uavhengig av dette bidra til å sikre tilstanden til elva, og betydd eit ordentleg og etterrettelig system for å sikre at vassdraget er i god forfatning. Vi presiserer at vi ikkje ber om at NVE direkte skal handheve Åmelaskjønnen, poenget er at klageorganet kan vurdere om tilsvarende eller justert minstevassføring no bør fastsetjast som offentlegrettsleg vilkår.

Åmelaskjønnen gir uansett eit konkret historisk referansepunkt. Skjønnen fastsette eit minimumsslepp. Sjølv om NVE omtalar dette som eit privatrettsleg pålegg, er det eit faktisk, historisk og teknisk relevant utgangspunkt i revisjonssaka.

Eit sentralt poeng er at sidan Tussa Energi alt har ei plikt til minstevassføring, er det ikkje tale om eit produksjonstap at ein følgjer ei plikt som ein alt har frå før.

Tussa Energi har ikkje respektert pliktene sine etter Åmelaskjønnen, og eit offentlegrettsleg pålegg i revisjonen vil derfor vere ekstra betimeleg. Minstevassføring er i dette tilfellet ikkje

spesielt byrdefullt for konsesjonæren. Tussa Energi ville enkelt sagt bli pålagt å oppfylle forpliktingar dei alt har teke på seg privatrettsleg.

Rettskjønnet viser også at vasslepp frå Løysingvatna til Stårheimselva er teknisk og faktisk mogleg. Stårheim elveeigarlag kjem ikkje med noko nytt og spekulativt krav, skadeverknadane for elva og Stårheimsdalen vart erkjent alt ved tidlegare handsaming av reguleringa, og det ligg her føre eit konkret referansenivå for eit offentleg revisjonsvilkår.

Vi viser også til ulike høyringsinnspel frå Tussa Kraft AS om at det er komplisert å innføre minstevassføring frå Løysingvatnet. Selskapet peikar på at Løysingvatnet ligg veg og straumlaust til med dårleg mobildekning og at ventilkammeret ligg under 5 meter fokksnø. Dei meiner derfor det må nyttast helikopter.

Dette er upresist. Telenor sitt dekningskart for 4G viser at det mindre enn 10 meter unna demninga er god mobildekning, det er sjølsagt fullt mogleg å lage til eit system som gjer at eit nedsleppsarrangement kan ta mot mobilsignal anten ved hjelp av ledning eller signalomformar.

At det er god mobildekning rett vest og like ved demninga er også ei kjent sak for oss som brukar området til turar, tilsyn av beitedyr og sanking.

Vi ser også at det noko feilaktig i NVE sitt vedtak blir oppgitt at nedsleppet som blei bestemt av rettskjønnet "var av omsyn til fruktdyrkinga i bygda" - dette er også upresist. Det var ei heilskapleg vurdering av det samla behovet for reservevatn og den hydrologiske tilstanden i elva som førte til at Tussa Energi den gongen faktisk gikk med på i rettskjønn ei minstevassføring i Stårheimselva. Dette kjem klart fram i rettsavgjerda.

Vi reknar med at både NVE og Energidepartementet er fullt klar over at det i dag fins teknologi som ikkje gjer det naudsynt å reise til fjells for å sleppe vatn ut av ei kraftverksdemning.

Vi minner også om at Stårheim elveeigarlag representerer lokale elveeigar- og grunneigarinteresser i Stårheimselva. Laget har ei direkte og legitim interesse i reguleringa sine verknadar for elva, herunder vassføring, fisk og fiske, gyte- og oppvekstområder, landskap, friluftsliv, bading og lokal bruk, biologisk mangfald, kulturlandskap og våtmarks og støylsområde, samt eigedoms- og bruksinteresser langs vassdraget. Desse interessene er ikkje berre private. Fleire av dei er typiske allmenne interesser som revisjonsinstituttet skal kunne ivareta.

### **Avslutningsvis:**

Direktoratet grunngjev avslaget med vasskrafta si betydning for kraftsystemet. Stårheim elveeigarlag vil peike på at det estimerte krafttapet er berekna til berre 1,2 GWh per år. I praksis blir krafttapet mindre som følgje av at vatnet vil ta vegen inn i Stårheim Kraftverk. Dette bør NVE rekne på.

Krafttapet utgjer uansett ein neglisjerbar del av både den nasjonale kraftbalansen og anlegget sin totale produksjon.

I lys av at konsesjonen er frå 1975, og at kraftverket i over 50 år har vore drive utan moderne miljøvilkår, framstår det som urimeleg at eit så marginalt krafttap skal trumfe viktige miljømål for villaks og Naturmangfaldlova, og sjølve prinsippet om vilkårsrevisjon.

Miljøvinsten per tapte kilowattime er i dette tilfellet etter vårt syn svært høg, noko som kan gjere tiltaket til eit kostnadseffektivt miljøtiltak.

**Vi ber om:**

Vi ynskjer at Energidepartementet endrar NVE sitt vedtak og fastsetter krav om minstevassføring frå Løysingvatna til Stårheimselva. Minstevassføringa bør minimum tilsvare 5-persenttilvassføringa frå reguleringsmagasinet Løysingvatna. Dette vil tilsvare 30 l/s om sommaren og 25 l/s om vinteren frå Løysingvatna.

Subsidiært:

Energidepartementet endrar NVE sitt vedtak slik at Tussa Energi AS påleggast å sleppe minstevassføring fra Løysingvatna til Stårheimselva. Minstevassføringa bør minst tilsvare Åmelaskjønnet sitt nivå – eller eit anna fagleg begrunna nivå fastsett av departementet. Vilåret bør supplerast med krav om måling, dokumentasjon og rapportering.

Atter subsidiært:

Energidepartementet opphevar NVE sitt vedtak for den del som gjelder avslag på minstevannføringa til Stårheimselva, og sender saka tilbake til NVE for ny behandling. NVE påleggast å innhente supplerende hydrologisk, biologisk og samfunnsøkonomisk utredning.

Atter subsidiært:

Departementet pålegg tidsavgrensa prøveslepp/adaptiv minstevassføring kombinert med overvaking, etterundersøkingar og evaluering etter 3–5 år.

Vedlegg:

1. Biota - fiskehelse rapport
2. Fiskehelse rapport Rådgivende biologer
3. Rettsbok Åmelaskjønnet

Beste helsing

Ole Martin Rafshol, leiar i Stårheim elveeigarlag.

Sign.

